

# Møtebok – Lom fjellstyre

## TITTELBLAD MØTEBOK FOR LOM FJELLSTYRE

**Møtedato:** 19. desember 2024

**Møtestad:** Norsk Fjellsenter

### Desse var til stades på møtet:

Faste medlemmer: Frikk Kolden, Kjell Brandsar, Sigrun Garmo, Svein Marstein

Varamedlemmer: Ketil Gutubø

Andre:

Sekretær Åsmund Galde

Eilev Hellekveen

### Saker som vart behandla:

Sak nr./år: 2/2024 – 16/2024

### Underskrifter:

Vi stadfestar med vår underskrift at det som er ført i sakene 2/2024 – 16/2024 er det som vart vedteke.

### Utskrifter:

Hovudutskrift av protokoll går til:

- ✓ Fjellstyremedlemmane
- ✓ Lagt ut på Lom fjellstyre si heimeside [www.lom-fjellstyre.no](http://www.lom-fjellstyre.no)

# Møtebok – Lom fjellstyre

<i>Sak nr.:</i>	2/2024	<i>Arkiv nr.:</i>		<i>Møtedato:</i>	19.02.2024
<i>Saksbehandler:</i>	Åsmund Galde				

## Godkjenning av innkalling og sakliste

Sakspapir:

- E-post til fjellstyremedlemmene 12. februar - Innkalling til fjellstyremøte

## Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.  
Samrøystes.

# Møtebok – Lom fjellstyre

<i>Sak nr.:</i>	3/2024	<i>Arkiv nr.:</i>		<i>Møtedato:</i>	19.02.2024
<i>Saksbehandlar:</i>	Åsmund Galde				

## Godkjenning av møteprotokoll frå siste møte

Sakspapir:

- Møteprotokoll møte 18. desember 2023

### **Vedtak:**

Møteprotokoll vert godkjent.

Samrøystes.

# Møtebok – Lom fjellstyre

Sak nr.:	04/2024	Arkiv nr.:		Møtedato:	19.02.2024
Saksbehandler:	Eilev Hellekveen				

## Referat og meldingar..

- A. 231222 e-post til Gudbrandsdal revisjon. Ny regnskapsfører og revisjon
- B. 240105 e-post til Breheimen nasjonalpark. Korrespondanse i forhold til kommersiell ferdsel i Breheimen-oppretting og gjennomføring av «høgruta Breheimen»
- C. 240108 kopi av e-post frå Lom tamrein AS-søknad grunneierfondet til oppgradering av reinsdyrslakteri på Grønhø i Lom kommune
- D. 240110 svar på e-post til Vårdalen beitelag. Rettighetshavers løyve til utkjøring av saltsteinar slik som omsøkt
- E. 240110 e-post til Lom JFF v/Jørgen Vole. Naustet på Børgja-orientering kring booking av naustet for medlemmar i LJFF grunna stor pågang via Inatur.no
- F. 240110 e-post til nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen. Søknad om dispensasjon-motorferdsel i samband med utleige av fjellstyrehytter
- G. 240111 e-post frå statsforvaltaren. Jotunheimen NP-utplassering av båtar-registrering og rutinar for utplassering
- H. 240111 e-post frå fjellstyrene i Oppland. Invitasjon til teams møte 22.01.24-planlegging av årsmøte i Lom
- I. 240112 e-post frå statsskog. Rekvisisjon om oppmåling av festeareal på Leirvassbu 3434/155/1/47
- J. 240115 svar på e-post frå Forsvarets vinterskole-Rettighetshavers løyve i samband med øvelse på Sognefjellet 8-18. april
- K. 240122 e-post frå fjellstyrene i Oppland-referat frå teams møte 22.01.24
- L. 240123 e-post frå miljødirektoratet. Tenestekjøpsavtale motorferdsel 2024-signert kontrakt
- M. 240124 kopi av e-post frå statsforvaltaren. Breheimen NP-avslag på organisert ferdsel
- N. 240125 kopi av e-post frå statsskog. Vidareføring av erklæring med tillegg om rett til å ha seterhus ståande på 3434/155/1/277
- O. 202401. Lom fjellstyre - Delegert vedtak. Motorferdsel i samband med filminnspeling
- P. 240126 brev frå Miljødirektoratet. Mulig endring i tenestekjøp for 2024
- Q. 240130 e-post frå landbruks- og matdepartementet. Godkjenning av kontrakt om tamreinbeite i Vårdalen og Leir- og Bøverdalen statsallmenning
- R. 240130 kopi av e-post frå statsskog. Tillatelse for seter falt i det fri-Geitsetra i Leirdalen 3434/155/1/78
- S. 240131 kopi av e-post frå Lom kommune. Søknad om løyve til motorferdsel i utmark-uttransport av mørtelsekker med snøskuter frå Rivillan/Fosstulmyrin-Vårdalen beitelag
- T. 240131 kopi av e-post frå Reinheimen-Breheimen villreinutval. Evaluering av sak 2023/2085 og søknad om ny dispensasjon
- U. 240205 Brev frå statsskog. Oppdatering av registrert fester i matrikkelen-3434/155/1/192
- V. 240207 e-post frå Skaihø viltområde. Fellingsresultat over elg, hjort og rådyr 2023

## Vedtak:

Fjellstyret tek referatsakene til orientering.

# Møtebok – Lom fjellstyre

Sak nr.:	5/2024	Arkiv nr.:	335.2	Møtedato:	19.02.2024
Saksbehandlar:	Åsmund Galde				

## Leir og Bøverdalen statsallmenning. Søknad om riving og oppføring av nytt seterhus på setra til Uppistugun Synstnes på Ytterdalen.

### Sakspapir:

- Søknad sendt 10. desember 2023 frå Kristin Husom og Trond Teigen. Søknad om å rive og setje opp nytt seterhus i Ytterdalen
- Brev 19. januar 2024 frå innlandet fylkeskommune. Uttalelse til søknad om riving og oppføring av nytt hus på seter - Gbnr. 155/1/245 - Lom kommune

### Saksutgreiing:

Kristin Husom og Trond Teigen har med søknad sendt 10. desember søkt om løyve til å rive og sette opp nytt seterhus på seter med gbnr. 155/1/245 tilhøyrande garden Uppistugun Synstnes. I søknaden skriv dei:

*«Det eksisterande seterhuset på tomta vart satt opp 1940 tallet, og består av betong over 2 plan. Seterhuset har vore mykje og aktivt brukt i samband med gardens landbruksnæring, men som no er prega av slitasje og eit dårleg innklima grunna at det er av betong. Dermed er ikkje restuering eit alternativ, men vi ynskjer å sette opp eit seterhus av tømmer på eit plan og på same tomt med ca. same storleik. Viser til vedlagt teikningar.*

*Seterhuset vil ha ein sentral plass i min landbruksnæring, da eg nyttar innmarksbeite og den dyrka markatilknytt setra, samt at eg nyttar setra ved slepp/tilsyn/sankingav dyr som beitar på utmarksbeite i dette områdetfleire månader kvar år. Per i dag har e g 110 stk. vinterfôrasau(lam kjem i tillegg), samt 40-50 stk. storfe.»*

Saka er i samsvar med føresegnene i seterforskrifta sendt kulturminnemyndigheitene i fylkeskommunen og Statskog SF til uttale.

Fylkeskommunen skriv i si uttale at

*«Tiltaket ligger innenfor det verdifulle kulturlandskapet Bøverdalen/Flåklypa/(Visdalen). Tiltaket vil ikke svekke kulturlandskapsverdiene slik de er beskrevet i for kulturlandskapet her. Riving av en betongbygning med panel for å erstatte den med en bygning i tradisjonell byggeskikk kan være bra for landskapsverdiene. Man kan se på om det er mulig å redusere størrelsen noe slik at det ikke blir for dominerende i landskapet.»*

Statskog SF har ikkje merknader til tiltaket.

### Opplysningar og merknader

Det sentrale for fjellstyret i saker som dette, er at dei skal vurdere behovet for hus, kor mange hus som trengst, storleiken på husa, og standarden eller anna, og kan setje vilkår for utvidinga og endringa jf. seterforskrifta §10.

Eksisterande seterhus har ei grunnflate på 64m<sup>2</sup> og har full kjellar. Det nye seterhuset har ei grunnflate på om lag 83m<sup>2</sup>, utan kjeller. Det nye bygget er planlagt oppført som lafta konstruksjon, og er meir i tråd med tradisjonell byggeskikk.

# Møtebok – Lom fjellstyre

## **Forslag til vedtak:**

Fjellstyret gjev med heimel i §10 i seterforskrifta løyve til riving og oppføring av nytt seterhus på seter med gbrn. 155/1/45, slik det er søkt om.

Setra blir brukt til forproduksjon og beite, og det er behov for husvære i samband med dette samt ved slepp, tilsyn og sanking av dyr på utmarksbeite. Det nye bygget er, i motsetnad til det gamle, i tråd med tradisjonell byggestil, og vil gje ein positiv påverknad på kulturmiljøet.

## **Vedtak:**

Som forslaget.

Samrøystes.

Utskrift går til:

- Statskog SF – som e-post
- Kristin Husom og Trond Teigen – som e-post

# Møtebok – Lom fjellstyre

Sak nr.:	6/2024	Arkiv nr.:	335.1	Møtedato:	19.02.2024
Saksbehandlar:	Åsmund Galde				

## Vårdalen statsallmenning. Langmyra - vidare prosess.

Sakspapir:

- Sak 41/2023. Vårdalen statsallmenning. Oppgjevnad av fellesbeiteareal på Langmyra.

### Saksutgreiing:

I sak 41/2023 gjorde fjellstyret slik vedtak:

*«Med den informasjonen som kjem fram i saka, meiner fjellstyret at det er grunnlag for å konstatere at Nordseter beitelag gjev opp fellesbeitet på Langmyra, 157/1/76, utan atterhald j.f. fjellova §22, tredje ledd, punkt 1:*

*«Rett til utvist tilleggsjord etter § 19, og som ikkje direkte er knytt til ei seter, fell bort:*

- 1. Ved oppgjeving utan atterhald“.*

*Fjellstyret grunngjev dette med at det føreligg skriftleg dokumentasjon om at eit kvalifisert fleirtal av medlemmane i Nordseter beitelag stiller seg bak dette.*

*Fjellstyret vil vente med å ta stilling til kva som skal skje med arealet og tilhøyrande installasjonar til klagefristen er ute og vedtaket er gyldig.»*

Vedtaket er nå gyldig, og fjellstyret må ta stilling til kva som skal skje med arealet og tilhøyrande installasjonar.

### Opplysningar og merknader

Det ligg inne 4 søknader om tilleggsjord i området Nordseter og Havyrju, 3 av desse er tett inntil Langmyra. Både Statskog SF og kommunen har i uttalen til søknadene framheva ei omdisponering av Langmyra som eit godt alternativ framfor å ta i bruk å dyrke opp nytt areal.

Vanleg praksis er at ledig tilleggsjordareal blir lyst ledig gjennom offentleg kunngjering der alle med beiterett i vedkomande statsallmenning blir gjevne anledning til å søkje. Langmyra ligg tett til setrene, og seterhamneområdet på Nordseter. Bruken av dette område var på 1970 talet avklara gjennom skjønn etter fjellova. Der vart det konkludert med at arealet, grunna mangel på beite til seterbuskapen, skulle forbeholdast setereigerane på Nordseter. Mykje har skjedd på snart 50 år, og færre driv tradisjonell setring. Likevel bør fjellstyret ta med seg dette momentet i ei vurdering kring vidare bruk av Langmyra.

Arealet har i dag status som beiteareal. Det må takast stilling til om heile, eller delar av arealet skal disponerast til forproduksjon. Det kan være formålstenleg at ein lyser arealet ledig for både beite- og forproduksjon, og at ein i saman med landbruksmyndigheitene i kommunen tek stilling til ei eventuell arrondering med bakgrunn i innkomne søknader og merknader.

Installasjonar som gjerde m.m. er Nordseter beitelag sitt ansvar, og må anten bli kravd fjerna eller overførast til nye festarar etter løyve frå Statskog SF. Eventuell kompensasjon ved overføring må avtalast partane i mellom.

# Møtebok – Lom fjellstyre

## **Forslag til vedtak:**

Fjellstyret lyser ledig areal på Langmyra til bruk for beite eller forproduksjon, for jordbrukarar med beiterett i Vårdalen statsallmenning.

Fjellstyret vil, i saman med landbruksmyndigheitene i kommunen, vurdere innkomne søknader og merknader, og med bakgrunn i dette ta stilling til vidare bruk, og eventuell arrondering- og tildeling av areal.

Installasjonar som gjerde m.m. er Nordseter beitelag sitt ansvar fram til ei avklaring er gjort. Gjerde m.m. vil bli kravd fjerna, alternativt overført til nye festarar etter løyve frå Statskog SF. Eventuell kompensasjon ved overføring må avtalast partane i mellom.

## **Vedtak:**

Fjellstyret lyser ledig areal på Langmyra til bruk for beite eller forproduksjon, for jordbrukarar med beiterett i Vårdalen statsallmenning.

Fjellstyret vil, i saman med landbruksmyndigheitene i kommunen, vurdere innkomne søknader og merknader, og med bakgrunn i dette ta stilling til vidare bruk, og eventuell arrondering- og tildeling av areal.

Installasjonar som gjerde m.m. er Nordseter beitelag sitt ansvar fram til ei avklaring er gjort. Gjerde m.m. vil bli kravd fjerna, alternativt overført til nye festarar etter løyve frå Statskog SF. Eventuell kompensasjon ved overføring må avtalast partane i mellom.

Fjellstyret syner til uttale frå landbruksmyndigheitene i kommunen og Statskog SF, og vil prioritere ei om disponering av Langmyra framfor oppdyrking av tilliggjande areal. Administrasjonen opprettar dialog med dei som har søknader inne til behandling.

Samrøystes.

Utskrift går til:

- Nordseter beitelag
- Statskog SF
- Landbrukssjefen i Lom kommune



# Møtebok – Lom fjellstyre

Sak nr.:	07/2024	Arkiv nr.:	335.1	Møtedato:	19.02.2024
Saksbehandlar:	Åsmund Galde				

## Vårdalen statsallmenning. Søknad om utvising av tilleggsjord på Havyrju til garden Søre Ekle.

### Sakspapir:

- Sak 19/2020 i Lom fjellstyre. Søknader om dyrkingsjord
- Sak 32/2022 i Lom fjellstyre. Orienteringssak – Nydyrking ved Nordsetrene - status i saka.
- Sak
- Sak 07/2023 Skjåk kommune - Endra søknader om dyrkingsjord ved Nordseter Godkjenning av plan om nydyrking.
- Uttale frå Statskog SF 10. oktober 2023. Tilleggsjord på Nordseter – Vårdalen statsallmenning.

### Saksutgreiing:

Med søknad 25. mai 2020 søkte Per Kvernstuen og Oda Evy Øyen om å få utvist ein dyrkingsparsell på Havyrju, inntil 110 dekar, til garden Søre Ekle, gardsnr. 9 bruksnr. 2.

Fjellstyret fekk våren 2020 inn tre søknader om tilleggsjord i området Nordsetrene i Vårdalen statsallmenning. Saka vart behandla av fjellstyret i sak 19/2020 der det vart gjort vedtak om å sende saka vidare til behandling og uttale hjå kommunen og Statskog SF. I ettertid kom ein søknad til om dyrkingsjord i same område.

I uttalar frå Statskog SF, kommunen og ei felles synfaring hausten 2020, var det framheva at det var ynskjeleg med ei grundigare kartlegging og vurdering av arealets eignaheit for dyrking. Det vart semje om at spørsmålet skulle utgreiast og avklarast i samband med det pågåande kommuneplanarbeidet.

Den vidare gangen kan stutt oppsummerast i at saka, etter politisk behandling, vart behandla uavhengig av kommuneplanarbeidet, at kommunen sette krav om konsekvensutgreiing og at kommunen skulle stå for eller dekke kostnadene ved denne. For grundigare utgreiing og opplysningar til dette blir det synt til sak 32/2022 i Lom fjellstyre.

Fjellstyret fekk etter kvart ei forståing for at kommunen meinte at kostnaden av ei slik konsekvensutgreiing var for stor, og vidare at det var gjeve signal om at søknadane kunne handsamast utan konsekvensutgreiing om arealet vart tilstrekkeleg redusert. Dette, i saman med nye og/eller endra søknader, gjorde at fjellstyret kalla inn til ny felles synfaring den 12. juni 2023, og ba kommunen og Statskog SF om ny behandling i samband med endra og/eller nye søknader. For Kvernstuen/Øyen sin del vart arealet etter synfaring avgrensa til tidlegare utvist parsell med festenummer 157/1/84.

Kommunen behandla spørsmålet i sak 7/2023 der dei, i saman med dei andre søkerane, godkjente planane frå Kvernstuen/Øyen om nydyrking. I vurderinga blir det synt til at:

*«Det er gjort fleire synfaringar i området med mellom anna Norsk landbruksrådgjeving, fjellstyre og Statskog. Vidare har arealet vore til vurdering hjå statsforvaltaren i innlandet og fylkeskommunen i Innlandet. Arealet som vart sendt til høyring hjå desse var dobbelt så stort som nå og areala som kunne vera sårbare er drege ut...*

## Møtebok – Lom fjellstyre

*...Vi meiner med dette at det er ikkje naudsynt med nærare konsekvensutgreiing utover dette.»*

Om drifta og arealbehovet for gardsbruket Søre Ekle blir det sagt at:

*«Søre Ekle gnr. 9 bnr. 2. Produksjonen på bruket er sauehald med ca. 100 vinterfora sau i 2023. Brukarane har planar om å auke sauehaldet til 140 vinterfora sau, da driftsbygninga er berekna for det. Søre Ekle har 92 daa dyrka/overflatedyrka jord og 18 daa beite. 38 daa av dette er på dyrkingsfelt ved Havyrju, og 6 dekar dyrka jord er på Eklesetra. Søre Ekle vil sleppe 400-500 sau om på fjellbeite sommaren når dei kjem opp i 140 vinterfora sau. Dei reknar med å måtte kjøpe ca. 70 rundballar i året ved full produksjon. Bruket har behov for meir innmarksareal spesielt før beiteslepp og etter sanking.»*

Om driftsmessige og økonomiske forhold kring nydyrkinga blir det framheva at nydyrking sikrar bruka større areal for grovfordyrking, at det kan forventast ei avling om lag 600 kg tørrstoff per daa dyrka jord og at det det trass i store kostnader er økonomisk forsvarleg å dyrke jorda i dette området. Det blir likevel påpeika at ein bør vurdere bruken av Langmyra, og at det nok er betydeleg rimelegare å få til denne som fullverdig dyrka areal, en å starte nybryting av nytt areal.

Statskog SF skriv i uttale 10. oktober:

*«Det ble gjennomført befaring den 9. juni 2023, der representanter fra beitelaget, søkere om tildeling av areal, Lom kommune, Lom fjellstyre og Statskog deltok. Tema for befaringen var dyrkingsspørsmål ved Nordseter og bruk av fellesbeite ved Langmyra.*

*Siden forrige høringsrunde har en av søkerne vist interesse for et tidligere utvist areal ved Havyrju, fnr. 84. Under befaring av arealet viste Statskog til tidligere uttale, samt understreket at vi stiller oss positive til utvisning av areal som tidligere er tildelt i området.»*

Saka er offentleg varsla i lokalavisa Fjuken 8. februar, saksdokumenta har lege ute på heimesida til fjellstyret.

### **Opplysningar og merknader**

Jordbrukar med beiterett i statsallmenningen kan – anten åleine eller saman med andre beiterettshavarar – få utvist grunn som er skikka til dyrking eller til kulturbeite som tilleggsjord, jf. § 19 første ledd i fjellova. Det er eit vilkår at dei som har beiterett godtgjer behovet for tilleggsjord. Dette kan til dømes gjerast ved å leggje fram ein driftsplan. Søknad om utvisning av tilleggsjord skal sendast fjellstyret, som legg saka fram for kommunen, Statskog SF for fråsegn. I dei tilfella der søknaden omfattar fulldyrking eller overflatedyrking, skal kommunen handsame søknaden etter gjeldande forskrift om nydyrking.

Kommunen handsamar og avgjer søknaden etter gjeldande forskrift om nydyrking i dei tilfelle der søknaden omfattar fulldyrking eller overflatedyrking etter forskrifta.

Om kommunen gjev løyve skal fjellstyret likevel ta stilling til søknaden, og fatte vedtak etter eiga vurdering av saka. I denne vurderinga skal, i tillegg til kommunen sitt vedtak om godkjenning, uttalene frå Statskog SF ligge til grunn.

## Møtebok – Lom fjellstyre

Parsellen har vore oppmålt og utvist tidlegare, men vart ikkje teken i bruk. Dette skjedde i samband med at det rundt 1980 vart gjort ei kartlegging av dyrkingsressursane i allmenningen. Kartlegginga vart gjort av Statskog, i samråd med heradsagronomen i Lom. Det omsøkte arealet ligg innanfor det som den gong vart registrert som dyrkbart areal, og vurdert egna til å legge ut for dyrking.

Fjellstyret skal etter føresegnene i fjellova administrere bruken og utnyttinga av rettane og lunnane i allmenningen slik at ein sikrar at allmenningen vert brukt på ein måte som fremjar næringslivet i bygda og tek vare på naturvern- og friluftsiinteressene. Sjølv om parsellen var oppmålt og utvist på 80 talet, skal fjellstyret gjere ei konkret vurdering om planane er i tråd med momenta nemnd ovanfor, og samsvarar med rasjonell bruk som er naturleg etter tida og tilhøva. I denne vurderinga bør vidare bruk av Langmyra, og status på anna tilleggsjordareal, sjåast i samanheng.

Kartgrunnlaget i matrikkelen syner at parsellen delvis overlappar eksisterande tilkomstveg til dyrkingsfelta innanfor. Ved ei eventuell utvising må arrondering mot vegen gjerast slik at ein ikkje kjem i konflikt med bruk eller festeforhald til denne. Grense/gjerde bør settast minimum 1. meter frå vegkant.

Arealet som ligg på sørsida av tilkomstvegen inneheld myr. Dette vart stutt drøfta i fyrste behandling hjå kommunene i sak 2021/1458-1, der det mellom anna var påpeika at «*På dyrkingsfeltet nærast Nordsætra ovanfor vegen er det ei grunn myr, her må ein vurdere om ein skal endre grensane så myra ikkje blir dyrka opp.*» og «*Forbod om dyrking av myr vart som nemnt oppheva av stortinget i mai i år, men må likevel handhevast strengt.*» I godkjenninga i sak 07/2023 i Skjåk kommune er drøftinga kring dette avgrensa til at «*Det er ikkje registrert djup myr på arealet.*».

Fjellstyret skal i saker som vedkjem natur, vurdere saka mot dei miljørettslege prinsippa, §8-12 i naturmangfaldlova:

§ 8: Kunnskapsgrunnlaget: Saka har vore til uttale hjå kommunale og regionale myndigheiter og er gjennom to felles synfaringar og to høringsrundar godt opplyst. Spørsmålet kring myr kunne vore betre belyst, men her har både kommunen og regionale myndigheiter, som skal ha eit breiare fagleg grunnlag, vore inne med sine vurderingar.

§ 9: Førre-var-prinsippet: Tiltaket vil så lang ein er kjend med ikkje ha irreversible, alvorlege konsekvensar for truga arter eller naturmiljøet. Ei oppdyrking av myrarealet vil føre til utslepp av CO<sup>2</sup>.

§ 10: «Økosystemtilnærming og samlet belastning» Tiltaket vil isolert sett gje lita effekt på økosystemnivå, eller vesentlege endringar som påverkar den samla belastninga i området. For §11 og § 12 blir det synt til kommunen sine vilkår i løyve etter nydyrkingsforskrifta.

### **Forslag til vedtak:**

Med heimel i seterforskrifta §20 viser fjellstyret ut delar av det omsøkte arealet, parsell gbrn. 157/1/84 som tilleggsjord til Søre Ekle, gardsnr. 9 bruksnr. 2. Arealet skal avgrensast til den delen av parsellen som ligg nord for tilkomstvegen til dyrkingsparsellane på Havyrju.

Fjellstyret grunngjev utvisinga med at Søre Ekle har lagt fram planer som dokumenterer eit behov for areal til forproduksjon, og at landbruksmyndigheitene hjå kommunen tilrår utvising. Parsellen har etter tidlegare kartlegging- og plan for området vore utvist, men vart ikkje teken i bruk.

## Møtebok – Lom fjellstyre

Avgrensning av det omsøkte arealet blir grunngeve med at delen sør for vegen inneheld myr, og at ein etter ei heilheitsvurdering basert på tilgjengeleg kunnskap ikkje vil opne for oppdyrking av denne. Eit anna moment som blir tillagt vekt, er at det i tilfelle hadde vorte to avskilte parsellar, med ei arrondering som gjev større negativ påverknad på landskapsbildet og annan bruk av området.

### **Vedtak:**

Som forslaget. Samrøystes.

Utskrift går til:

- Oda Evy Øyen og Per Kvernstuen – som e-post
- Statskog SF – som e-post
- Landbrukssjefen i Lom kommune – som e-post

# Møtebok – Lom fjellstyre

Sak nr.:	8/2024	Arkiv nr.:	335.1	Møtedato:	19.02.2024
Saksbehandlar:	Åsmund Galde				

## Øvingsplan Lom- og Bøverdalen røde kors hjelpekorps. Rettighetshavers løyve.

Sakspapir:

- E-post 29. januar frå politiet. Øvingsplan Lom og Bøverdalen røde kors.

### Saksutgreiing:

Med e-post 29. januar har politiet sendt kopi av øvingsplan for Lom og Bøverdalen røde kors hjelpekorps.

Øvingane som vedkjem statsallmenningen er øving nr. 1,2 og 3. Øving nr. 1 og 3 er planlagd til område Leirdalen-Breiseterdalen-Sognefjellet- Øving nr. 2 er planlagd i Solell-Kvitingskjøl området. Øvingane er i planen skissert med ulike øvingsmoment, tenkt gjennomført i februar/mars med 2-6 snøscooterar og 4-10 personar.

Øvingane er godkjent av politiet med forutsetning om nødvendige løyver frå grunneigar, kommunen og eventuell verneområdeforvaltning

### Opplysningar og merknader

Fjellstyret er etter §12 i fjellova tillagt kompetanse til å forby eller avgrense motorferdsel i statsallmenning. Øving- og utdanningsverksemd for røde kors hjelpekorps er heimla i motorferdsellova §3. Det er ei forutsetning at slik øving er ledd i ein godkjent øvingsplan, og at det er reele øvingar i redningstenesta si organiserte øvingsverksemd. Øvingsplanen blir vurdert av lokal redningssentral/politiet, som skal godkjenne kvar enkelt øving på fastsett skjema (kjøreordre) før den vert gjennomført. Motorferdselslova og øvingsplanen innskrenkar likevel ikkje grunneigar sin råderett over eigedommen, og grunneigar kan avgrense eller nekte slik kjøring sjølv om kjøringa ikkje er forbudt etter motorferdselregelverket. Øvingsaktivitet skal, om mogleg, leggest utanfor verneområde.

Redningstenesta i Norge er basert på nasjonal dugnad og samvirke mellom offentlege, frivillige og private aktørar. Hjelpekorpsa utfører gjennom dugnadsarbeid eit særskilt viktig samfunnsoppdrag, og er avgjerande for å komplimentere redningstenesta i Norge. For at redningsaksjonar skal kunne gjennomførast effektivt og sikkert krevst øving, øvingskjøring med snøscooter er eit viktig moment i dette.

I Klima- og miljødepartementets sitt brev 15. mai 2020 om «Retningslinjer om redningstjenestens bruk av snøskuter i utmark og i verneområder» er det synt til samvirkeprinsippet, den enkelte grunneigar sitt samfunnsansvar og at departementet derfor oppfordrar «grunneiere til å bidra til gjennomføring av redningsøvelser ved å tillate bruk av snøscooter når det er nødvendig for å gjennomføre slike øvelser.»

### Forslag til vedtak:

Med heimel i fjellova §12 gjev Lom fjellstyre rettighetshavers løyve til bruk av snøskuter slik som skissert i øvingsplanen.

### Vedtak:

Som forslaget.

Samrøystes.

# Møtebok – Lom fjellstyre

Utskrift går til:

- Lom og Bøverdalen røde kors hjelpekorps – som e-post
- Politiet – som e-post

# Møtebok – Lom fjellstyre

Sak nr.:	9/2024	Arkiv nr.:	335.1	Møtedato:	19.02.2024
Saksbehandlar:	Åsmund Galde				

## Øvingsplan Luster røde kors hjelpekorps. Rettighetshavers løyve.

Sakspapir:

- E-post 7. januar frå Luster røde kors hjelpekorps. Øvingsplan Luster røde kors hjelpekorps.

### Saksutgreiing:

Med e-post 7. januar har Luster røde kors hjelpekorps søkt om fjellstyrets løyve til motorferdsel etter godkjent øvingsplan for Luster røde kors hjelpekorps for år 2024-2027.

Motorferdsel som vedkjem statsallmenningen i øvingsplanen, er knytt til kjentmannskjøring ID. 11, 12 og 14. ID 11 og 12 omhandlar gjennomkjøring ved Storvatnet på ruta Turtagrø-Sognefjellet-Nørstedalsseter, til saman 6 dagar i perioden med inntil 8 snøskuterar pr dag. ID 14 omhandlar gjennomkjøring ved Leirvassbu-Langvatnet, til saman 4 turar i perioden med inntil 8 snøskuterar pr. dag.

I tillegg er det søkt om fjellstyrets løyve til ID 23 og 30, for motorferdsel som krev særskilt løyve etter motorferdselslova. Dette gjeld kjøring på ruta Turtagrø-Sognefjellet-Nørstedalsseter, til saman 17 dagar med inntil 4 snøskuterar pr. dag.

Øvingane i øvingsplanen er godkjent av politiet, men forutsett nødvendige løyver frå verneområdeforvaltninga i dei respektive verneområda.

Kjøring som krev dispensasjon, ID 23 og 30, må til behandling hjå kommunen og Breheimen nasjonalparkstyre.

### Opplysningar og merknader

Fjellstyret er etter §12 i fjellova tillagt kompetanse til å forby eller avgrense motorferdsel i statsallmenning. Øving- og utdanningsverksemd for røde kors hjelpekorps er heimla i motorferdselslova §3. Det er ei forutsetning at slik øving er ledd i ein godkjent øvingsplan, og at det er reele øvingar i redningstenesta si organiserte øvingsverksemd. Øvingsplanen blir vurdert av lokal redningsentral/politiet, som skal godkjenne kvar enkelt øving på fastsett skjema (kjøreordre) før den vert gjennomført. Motorferdselslova og øvingsplanen innskrenkar likevel ikkje grunneigar sin råderett over eigedomen, og grunneigar kan avgrense eller nekte slik kjøring sjølv om kjøringa ikkje er forbode etter motorferdselsregelverket. Øvingsaktivitet skal, om mogleg, leggest utanfor verneområde.

Redningstenesta i Norge er basert på nasjonal dugnad og samvirke mellom offentlege, frivillige og private aktørar. Hjelpekorpsa utfører gjennom dugnadsarbeid eit særskilt viktig samfunnsoppdrag, og er avgjerande for å komplimentere redningstenesta i Norge. For at redningsaksjonar skal kunne gjennomførast effektivt og sikkert krevst øving, øvingskjøring med snøscooter er eit viktig moment i dette.

I Klima- og miljødepartementets sit brev 15. mai 2020 om «Retningslinjer om redningstjenestens bruk av snøskuter i utmark og i verneområder» er det synt til samvirkeprinsippet, den enkelte grunneigar sitt samfunnsansvar og at departementet derfor

## Møtebok – Lom fjellstyre

oppfordrar «grunneiere til å bidra til gjennomføring av redningsøvelser ved å tillate bruk av snøscooter når det er nødvendig for å gjennomføre slike øvelser.»

Det er ein vesentleg forskjell på motorferdsel knytt til godkjent øvingsplan og kjøring som krev dispensasjon frå lov. Motorferdselen som er skissert i ID. 11, og 12 er samla av eit vesentleg omfang, 17 dagar med 4 snøskuterar. Det er lite informasjon og grunngeving kring behovet for turane. Fjellstyret bør vente med å ta stilling til dette, før desse er behandla hjå kommune og verneområdeforvalting.

### **Forslag til vedtak:**

Fjellstyret vil peike på at den samla aktiviteten knytt til kjentmannskjøring i verneområda våre er stor, og vil oppmode til grundig vurdering kring kor hyppig dei ulike kjentmannsturane i verneområde treng gjennomførast. Kanskje er det tilstrekkeleg med annakvart år.

Dette er likevel ei vurdering som verneområdeforvaltinga i saman med politiet og det lokale hjelpekorps må stå for. Med heimel i fjellova §12 gjev Lom fjellstyre rettighetshavers løyve til bruk av snøskuter for ID. 11, 12 og 14 slik som skissert i øvingsplanen.

Fjellstyret vil vente behandling av ID. 23 og 30 fram til det ligg føre løyve frå kommunen og verneområdeforvaltinga.

### **Vedtak:**

Fjellstyret vil peike på at den samla aktiviteten knytt til kjentmannskjøring i verneområda våre er stor, og vil oppmode til grundig vurdering kring kor hyppig dei ulike kjentmannsturane i verneområde treng gjennomførast, og kor mange snøscooterar som trengst på kvar tur. Kanskje er det tilstrekkeleg med annakvart år, og 4-5 snøscooterar.

Dette er likevel ei vurdering som verneområdeforvaltinga i saman med politiet og det lokale hjelpekorpsa må stå for. Med heimel i fjellova §12 gjev Lom fjellstyre rettighetshavers løyve til bruk av snøskuter for ID. 11, 12 og 14 slik som skissert i øvingsplanen.

Fjellstyret vil vente behandling av ID. 23 og 30 fram til det ligg føre løyve frå kommunen og verneområdeforvaltinga.

Samrøystes.

Utskrift går til:

- Luster røde kors hjelpekorps – som e-post
- Politiet – som e-post
- Lom kommune – som e-post
- Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen – som e-post
- Nasjonalparkstyret i Breheimen – som e-post



# Møtebok – Lom fjellstyre

Sak nr.:	10/2024	Arkiv nr.:	433.2	Møtedato:	19.02.2024
Saksbehandlar:	Åsmund Galde				

## Uttalesak. Leir- og Bøverdalen statsallmenning. Søknad frå DNT Oslo og omegn om å etablere sommercamp ved Leirvassbu.

Sakspapir:

- E-post 6. februar frå Statskog SF. Søknad frå DNT, sommercamp ved Leirvassbu.

### Saksutgreiing:

Med e-post 6. februar har Statskog SF bede om fjellstyret si uttale til søknad frå DNT Oslo og omegn om å etablere sommercamp ved Leirvassbu.

Konseptet «Basecamp» er ein feriecamp for ungdom i alderen 13-30 år. I 1999 var den arrangert i området ved Leirvassbu, men har sidan år 2000 vore lokalisert på Tungestølen. Av praktiske årsaker er det nå ynskje om å flytte attende til Leirvassbu.

Arrangementsområdet ligg rett ved sidan av, men utanfor festearealet til Leirvassbu. Det er skissert 4 camper, med inntil 30 deltakarar pr camp i veke 30, 31, 32 og 33. Det vil bli matserving frå Leirvassbu i campområdet, og det er framheva at ein ynskjer å være i nærheten men adskilt frå turisthytta, for å få rette «campfølelsen». Dei ynskjer å sette opp festivaltoaletter nær leirområdet.

Saka skal behandlast som ei grunndisponering etter §12 i fjellova. Fjellstyret skal ha høve til å kome med uttale, før Statskog tek avgjerd.

### Forslag til vedtak

Fjellstyret har ikkje innvendingar til at det blir arrangert sommercamp ved Leirvassbu, men ber om at Statskog SF vurderer nødvendigeita av festivaltoalett i tilknytning til festivalområdet.

Utplassering av festivaltoalett i utmark, eller på parkeringsplassen, vil etter vår meining gje fleire uforholdsmessige negative konsekvensar, når det finst toalettfasilitetar tilknytt godkjent reinseanlegg tett ved.

### Vedtak:

Fjellstyret har ikkje innvendingar til at det blir arrangert sommercamp ved Leirvassbu, men ber om at Statskog SF vurderer nødvendigeita av festivaltoalett i tilknytning til festivalområdet.

Utplassering av festivaltoalett i utmark, eller på parkeringsplassen, vil etter vår meining gje fleire uforholdsmessige negative konsekvensar, når det finst toalettfasilitetar tilknytt godkjent reinseanlegg tett ved.

Om det av kapasitetshensyn er nødvendig med utplassering av festivaltoalett, bør dette plasserast på baksida av Leirvassbu, i tilknytning til garasjen.  
Samrøystes.

Utskrift går til:

- Statskog SF – som e-post

# Møtebok – Lom fjellstyre

# Møtebok – Lom fjellstyre

Sak nr.:	11/2024	Arkiv nr.:	613	Møtedato:	19.02.2024
Saksbehandlar:	Åsmund Galde				

## Prisjustering av småviltjakt.

Sakspapir:

- Fjellstyresak nr. 14/2021

## Saksutgreiing:

Jaktkortprisane for jakt på småvilt i statsallmenningen vart justert siste gongen før sesongen 2021.

Gjeldande prisar og korttypar for småviltjakt frå 01.04.2021 har vore:

Korttype	Innanbygds u/hund	Innanbygds m/hund	Utanbygds u/hund
1-døgn, frå 30.09	150	200	250
5 døgn	500	550	1000
Sesong	600	700	1200

- Utanbygdsbuande med hund kr 1200,- vekeskort, i perioden 15.-28.9.
- Harejegerar (utanbygds med hund) kr 1000,- i perioden 11.10.-23.12.
- Rovviltjaktkort kr 50,-

Det er sett på prisnivået i andre område som det er naturleg å samanlikne seg med, men grunna freding siste år er det ikkje nokon av dei som har oppdatert prisane sine. Prisane frå 2021 blir difor repetert: Vågå kr 900 for 5-døgnskort u/hund og kr 1000 med hund. Skjåk kr 950 u/hund og kr 1250 m/hund. Dovre har same pris med og utan hund, kr 1130 for 5 døgn. Heidal brukar kr 800 u/hund og kr 1100 m/hund.

Miljødirektoratet fastset prisrammene for fiske, småviltjakt og villreinjakt i statsallmenning, og fylgjande prisrammer gjeld for kortprisar på småviltjakt og fiske for utanbygdsbuande 31. mars 2021:

- dagskort kr 280,-*
- 5-dagerskort kr 1130,-*
- ukekort (7 dager) kr 1580,-*
- sesongkort kr 2590,-*

*Prisen på småviltjakt og fangst for innenbygdsboende kan ikke settes lavere enn halvparten av prisen for utenbygdsboende.*

Fjellstyret står fritt til å fastsette prisar innanfor prisrammeforskrifta, og treng ikkje legge dette fram for kommunen, eller til godkjenning hjå departementet. Fjellstyrets prisvedtak skal rapporterast til Miljødirektoratet

## Forslag til vedtak:

## Møtebok – Lom fjellstyre

Lom fjellstyre vedtek desse prisane for småviltjakt i Vårdalen, Visdalen og Leir- og Bøverdalen statsallmenning, gjeldande frå 01.04.2024:

<b>Korttype</b>	<b>Innanbygds u/hund</b>	<b>Innanbygds m/hund</b>	<b>Utanbygds u/hund</b>
1-døgn, frå 30.09	150	225	280
5 døgn	565	665	1130
Sesong	1000	1200	2000

- Utanbygdsbuande med hund kr 1500, vekeskort, i perioden 15.-28.9.
- Harejegerar (utanbygds med hund) kr 1000,- i perioden 11.10.-23.12.
- Rovviltjakkort kr 50.

### **Vedtak:**

Lom fjellstyre vedtek desse prisane for småviltjakt i Vårdalen, Visdalen og Leir- og Bøverdalen statsallmenning, gjeldande frå 01.04.2024:

<b>Korttype</b>	<b>Innanbygds u/hund</b>	<b>Innanbygds m/hund</b>	<b>Utanbygds u/hund</b>
1-døgn, frå 30.09	150	225	280
5 døgn	565	665	1130
Sesong	1000	1200	2000

- Utanbygdsbuande med hund kr 1500, vekeskort, i perioden 15.-28.9.
- Harejegerar (utanbygds med hund) kr 1000,- i perioden 11.10.-23.12.
- Rovviltjakkort kr 50.

Ein del av inntektene frå jaktkortsalget skal brukast til skotpremieordning for smårovvilt. Administrasjonen greier ut og legg fram eit forslag til slik ordning.

Samrøystes.

Utskrift går til:

- Miljødirektoratet – som e-post
- Lom JFF – som e-post

# Møtebok – Lom fjellstyre

Sak nr.:	12/2022	Arkiv nr.:	612.0	Møtedato:	19.02.2024
Saksbehandlar:	Åsmund Galde				

## Vårdalen, Visdalen og Leir- og Bøverdalen statsallmenning. Justering av prisane på elg- og hjortejakta.

### Sakspapir:

- Forskrift om jakt, felling, fangst og fiske i statsallmenning.
- Fjellstyresak nr. 39/2019.

### Saksutgreiing:

Prisane på elg- og hjortejakt har vore uendra sidan 2019 og det bør vurderast ei justering før komande jakt sesong og ny periode. Dei eksisterande prisane på elg- og hjortejakt har vore som fylgjer:

	Grunnpris	Pris/kg
Elg	kr.3.200	87,00
Hjort	kr.2.000	87,00

*Det blir gjeve halv pris for «skrapdyr» etter desse vektgrensene:*

*Elgkalv under 50kg, ungdyr elg under 100kg, vaksen elgku under 140kg, hjortekalv under 22kg, ungdyr hind under 40kg og spissbukk under 45kg.*

*Pris for 5 dagars jaktkort etter 1.november blir sett til kr. 600,- for hovudjeger og kr. 300,- for tilleggsjeger. Ved felling blir det gjort opp etter gjeldande pris pr. kg, innbetalt kortpris kjem da til fråtrekk.*

Sal av storviltjakt, prisfastsetting m.m. i statsallmenning er regulert i forskrift om jakt, felling, fangst og fiske i statsallmenning kap. III og IV, sist endra i 2021. Det er fjellstyret som bestemmer prisane for storviltjakt innanfor dei ramene som forskrifta gjev. For storviltjakt er det ikkje fastsett prisrammer, men departementet kan innføre dette dersom dei skulle finne det nødvendig. Det skal være lik pris for innan- og utanbygdsbuande.

### Opplysningar og merknader:

Prisutviklinga på storviltjakta bør følgje fjellstyrets kostnadsauke generelt, og prisutvikling i samfunnet elles. Om ein legg prisstigning basert på KPI til grunn vil kr. 87,- ved vedtaksdato i 2022 tilsvare kr. 94,45- i desember 2023, ei auke på 8,6%.

Prisane hjå andre i regionen vår var i 2023 slik:

Statskog SF	95,- pr kg*	*(80,- kalv, 90,- ungdyr, 95,- vaksne dyr)
Vågå	80,- pr kg	
Sel	85,- pr kg	
Ringebu	89,- pr kg	
Lesja	75,- pr kg	
Gausdal	88,- pr kg	

## Møtebok – Lom fjellstyre

For å stimulere til uttak av små dyr blir det foresleget å utvide ordninga med halv pris for «skrapdyr» til å gjelde for vaksen elgku under 140kg, hjortekalv under 22kg, ungdyr hind under 40kg og spissbukk under 45kg.

### Forslag til vedtak:

Fjellstyret fastsett, i samsvar med §13 i forskrift om jakt, felling, fangst og fiske i statsallmenning, slike prisar for elg- og hjortejakt i Vårdalen, Visdalen og Leir- og Bøverdalen statsallmenning frå jaktseasonen 2024:

	<i>Grunnpris</i>	<i>Pris/kg</i>
<i>Elg</i>	<i>kr.3.200</i>	<i>95,00</i>
<i>Hjort</i>	<i>kr.2.000</i>	<i>95,00</i>

*Det blir gjeve halv pris for «skrapdyr» etter desse vektgrensene:*

*Elgkalv under 50kg, ungdyr elg under 100kg, vaksen elgku under 140kg, hjortekalv under 22kg, ungdyr hind under 40kg og spissbukk under 45kg.*

*Pris for 5 dagars jaktkort etter 1.november blir sett til kr. 600,- for hovudjeger og kr. 300,- for tilleggsjeger. Ved felling blir det gjort opp etter gjeldande pris pr. kg, innbetalt kortpris kjem da til fråtrekk.*

### Vedtak:

Som forslaget.

Samrøystes.

Utskrift går til:

- Miljødirektoratet – som e-post
- Lom JFF – som e-post

# Møtebok – Lom fjellstyre

Sak nr.:	13/2024	Arkiv nr.:	364	Møtedato:	19.02.2024
Saksbehandlar:	Åsmund Galde				

## Leir- og Bøverdalen statsallmenning. Uttale. Søknad om etablering av basestasjon ved Leirvassbu.

### Sakspapir:

- E-post frå Statskog SF 29. januar 2024 Søknad om etablering av basestasjon for ICE ved Leirvassbu turisthytte.

### Saksutgreiing:

Med e-post sendt 29. januar har Statskog SF bede om fjellstyret si uttale til søknad frå ICE om etablering av basestasjon ved Leirvassbu.

I søknaden blir det skissert ei mast på 12-18 meter, med eit lite hus på nokre få kvadratmeter ved sidan av. Masta er tenkt plassert 100 meter frå parkeringsplassen til Leirvassbu. Søknaden blir grunngjeve med at det er dårleg dekning i området rundt Leirvassbu, og at det i dag berre er Telenor som har mobildekning her. Telenor har basestasjon på bygningane på Leirvassbu, for å sikre at dei sjølve og andre aktørar kan etablere seg her, er det ynskjeleg med ei mast.

Saka skal behandlast som ei grunndisponering etter §12 i fjellova. Fjellstyret skal ha høve til å kome med uttale, før Statskog tek avgjerd.

### Forslag til vedtak:

Området ved Leirvassbu er eit særprega og mykje brukt natur- og friluftsområde. Oppføring av ei mast på 12-18 meter vil gje negative konsekvensar på landskapsbildet, men positive fordelar for samfunnsikkerheit og beredskap.

Fjellstyret meiner at fordelane ved å opne for etablering i dette tilfellet er større enn ulempene, og grunngjev dette med at det allereie er bygningar og anna infrastruktur som veg og høgspenlinje i tilknytning til tenkt plassering.

Det må settast som vilkår at masta skal kunne brukast av fleire operatørar.

### Vedtak:

Som forslaget.  
Samrøystes.

### Utskrift går til:

- Statskog SF – som e-post

# Møtebok – Lom fjellstyre

Sak nr.:	14/2024	Arkiv nr.:	335.3	Møtedato:	19.02.2024
Saksbehandlar:	Åsmund Galde				

## **Leir- og Bøverdalen statsallmenning. Søknad frå Leirdalen beitelag om å få sette opp grind på bru over Leira ved Leirvassbu.**

Sakspapir:

- E-post 12. juni 2023 frå Leirdalen beitelag. Søknad om grind på bru ved Leirvassbu.

### **Saksutgreiing:**

Med e-post 12. juni har Leirdalen beitelag søkt om å få sette opp ei grind på brua over Leira, ved Leirvassbu.

Søknaden er grunngeve med at det dei siste åra har vore fleire tilfelle der beitedyr har gått over brua langs vegen mot Gravdalen, og at dei da har lett for å trekke vidare ut av beiteområdet, nedover mot Skogadalsbøen. Sist haust vart det attfunne sau ved Skogadalsbøen som grunna snøfall måtte hentast med helikopter.

Dei ynskjer å sette opp ei fjørbelasta grind som er brukarvenleg og som er lett å passere for fotturistar. Grinda vil bli konstruert slik at den kan takast ned utanom beitesesong.

Saka er lagt fram for Statskog SF som kjem med slik uttale:

*«Statskog har forståelse for behovet Leirdalen beitelag skisserer i sin søknad, og har ingen innvendinger mot søknaden.*

*Dersom Lom fjellstyre gjør positivt vedtak i saken, ber vi om at det i vedtaket kommer tydelig fram hvem som er eier og ansvarlig for grinda. Videre sette vilkår om at grinda må tas ned ved endt beitesesong, og at grinda skal ha en enkel brukersfunksjon da dette er utfartsområde for en stor mengde turister i barmarksesongen. I tillegg er det viktig at grindas utforming er slik at den ikke sperre for Hydro ved tilsyn av reguleringsanlegg i Gravdalen.»*

### **Forslag til vedtak:**

Fjellstyret gjev løyve til at Leirdalen beitelag får sette opp ei grind på bru over Leira ved Leirvassbu.

Det blir sett som vilkår at grinda skal utformast med fjørbelasta lukking, og utformast på ein måte som er brukarvenleg for fotgjengarar. Det må samstundes være anledning til at det enkelt kan passerast med bil.

Grinda skal berre stå oppe i beitesesongen, og skal seinast takast ned 15. september. Leirdalen beitelag v/Trond Teigen skal stå som eigar, og er ansvarleg for at grinda blir sett opp i tråd med vedtaket.

### **Vedtak:**

Som forslaget. Samrøystes.



# Møtebok – Lom fjellstyre

Utskrift går til:

- Leirdalen beitelag – som e-post
- Statskog SF – som e-post

# Møtebok – Lom fjellstyre

Sak nr.:	15/2024	Arkiv nr.:	612.1	Møtedato:	19.02.2024
Saksbehandlar:	Åsmund Galde				

## Fordeling av fellingsløyve mellom jaktfelt.

Sakspapir:

- Bestandsplan Bøverdalen viltområde

### Saksutgreiing:

Fellingsløyve for storviltjakt blir tildelt frå viltområda i jaktfelt tilknytt godkjent bestandsplanområde, eller direkte frå kommunen til rettighetshaver der ein ikkje er del av eit slik bestandsplanområde. Når ein rettighetshaver har fleire jaktfelt innanfor eit bestandsområde, blir fellingsløyve utdelt samla slik at fordeling mellom jaktfelt blir utført av rettighetshaver. For fjellstyret sin del gjeld dette jaktfelta i Leir- og Bøverdalen statsallmenning, der fjelloppsynet på fagleg grunnlag fordeler løyver til dei ymse felta. For tilleggsdyr har praksisen vore den same, at fjelloppsynet på fagleg grunnlag tek stilling til om, og eventuelt kva tilleggsdyr som skal tildelast.

Fjellstyret står fritt til å fordele løyver, og/eller sette vilkår til kategori dyr, så lenge dette er i tråd med tildeling frå kommune og bestandsplanområde. Forutan fordeling mellom jaktfelta kan det være fagleg grunnlag for å t.d. sette vilkår til avskyting av vaksne dyr, jf. tildelt kvote.

Fleire av jaktfelta har nå årleg tildeling av vaksen elgokse, noko som naturleg kan medføre høgt uttak av store elgoksar. Bøverdalen viltområde har ein bestandsplan som tillèt uttak av 25% vaksen elgokse og 15% vaksen ku. Forsking syner at vaksne, store dyr er avgjerande for å fremje god kondisjon på kalv/ungdyr, noko som er avgjerande for å oppretthalde ein sunn og frisk bestand. Eit uttak på 25% av dei største oksane årleg er etter fjelloppsynet si vurdering truleg høgt, og ein bør vurdere å sette vilkår om at ein del av dette må være såkalla «mellomoksar».

Avgrensingar knytt til avskyting av store dyr utover tildelt kvote, kan nok av enkelte jegerar oppfattast inngripande. For å forankre avgjersler knytt til dette på ein betre måte, blir saka lagt fram for fjellstyret til behandling.

### Forslag til vedtak:

For jaktfelt med årleg tildeling av vaksen elgokse, skal løyvet annakvart år avgrensast til «mellomokse». Mellomokse blir definert som okse der geviret kan ha maksimalt 3 takkar på eine sida.

Fordeling av tildelt kvote mellom dei ymse jaktfelta, og avgjersler om tildeling av tilleggsdyr, er lagt til fjelloppsynet.

### Vedtak:

Som forslaget.  
Samrøystes.

Utskrift går til:

- Lom JFF – som e-post

# Møtebok – Lom fjellstyre

Sak nr.:	16/2024	Arkiv nr.:	364	Møtedato:	19.02.2024
Saksbehandlar:	Åsmund Galde				

## Nytt tak på Langvassbua

Sakspapir:

- E-post frå Stokk og Stein AS – Tak på Langvassbua

### Saksutgreiing:

Taket på Langvassbua er lekk og må utbedrast. I samråd med Stokk og Stein AS, som bygde hytta for snart 30 år sidan, er det vurdert som nødvendig og skifte ut delar av taktroa, legge protanduk, ny isolasjon og montere pipehatt. Den gamle torva kan nyttast opp att, men det må supplerast med ny i tillegg.

Arbeidet er planlagd i august. Det er skissert at fjelloppsynet tek arbeidet med riving av det gamle og klargjering før nytt tak. Totalkostnaden er estimert til kr. 190.000,- og fordeler seg slik:

Stokk og Stein AS - rep. taktro, oppbygging av nytt tak	140.000,-
Transport -helikopter	25.000,-
Eigeninnsats	35.000,-

### Forslag til vedtak:

Fjellstyret godkjenner planane for skifte av tak på Langvassbua slik som skissert.

Dagleg leiar får fullmakt til å planlegge, og inngå avtale, om reoperasjon av tak med Stokk og Stein AS.

Det blir sett ei kostnadsramme på 200.000,- Kostnaden skal balanseførast og avskrivast over 20 år.

### Vedtak:

Som forslaget.  
Samrøystes.

Utskrift går til:

- Rekneskapsfører